

Notat/ status til prosjekteigar frå administrativ arbeidsgruppe 21.05.18

Namn arbeidsgruppe: Personal

- Deltakarar: Mette Matthiessen og Solveig Reinsli
- Antal møter: Hoved gruppa har møter anna kvar veke. Heile gruppa inkl. HTV har møter 1 gong i mnd.
- Sidan førre rapport har me og hatt 2 møter med alle organisasjonane om omstillingsavtalen. Fyrste møte var ide-myldring og moglegheiter for å komma med innspel til innhald i planen. Andre møte var etter høyringa og ein fekk avtalen på plass. Me hadde og eit møte med rådmennene i begge kommunane og prosjektleiar som uttala seg om utkastet til avtalen.

Undergrupper: HMS og Internkontroll

- Deltakarar: HMS: Trude Lydvo, Randi Kalsaas, Astri Remme
- Antal møter: ?

Gruppa som skal jobbe med internkontrollen er heilt i startfasen og har ikkje kome i gang med møter endå. Det er heller ikkje heilt på plass kven som skal delta.

Både internkontroll gruppa og HMS gruppa vil kome skikkelig i gang når arbeidet med varslingsrutinane er avslutta.

Medverknad frå andre ressurspersonar:

Har gruppa knytt til seg andre ressurspersonar? Medverknad frå tillitsvalte og verneombod?

Asbjørn Nilsen HTV fagforbundet, Anders Geraker HTV utdanningsforbundet, Mari Mæland HTV fagforbundet. Desse møter fast 1 gong i månaden og ved behov i omstillingsutvalet.

Me vil kalle inn HVO i dei saker der me finn dette naudsynt.

Mål/ visjon for arbeidet:

Kartlegga løns- og arbeidsvilkår for alle tilsette, herunder alle dokument som omhandlar personalet. Samordna personal- og lønnspolitikken.

Status for arbeidsgruppa:

Fokusområde, utfordringar, deloppgåver som er avslutta, gevinst, osb..

Omstillings avtalen er ferdig og underskriven av alle organisasjonane. Omstillingsutvalet er i gang og har handsama nokre saker. Me reknar med at når me kjem endå nærare 2020 vil det komme fleire saker til utvalet.

Planlagte utviklingsaktivitetar (jmfr styringsdokument)

Prioriterte oppgåver

Me opplever at dei aller fleste organisasjonane er oppteken av lønnsforskjellar og dette vil vera ei prioritert oppgåve å finne ut av. Me har og oppmoda alle organisasjonar og alle leiara om å finne fram særavtalar, både politiske og administrative vedtak.

Risikovurdering av omstillingsprosessen

Me har ikkje laga eigen risikovurdering for denne gruppa.

Saker som må avgjerast i Fellesnemnda

Ikkje no.

Behov for støtte/ hjelp:

Har arbeidsgruppa trong for kompetanse, hjelp, avklaringar, støtte eller liknande?

- *Interne avklaringar* Nei ikkje no.
- *Eksterne avklaringar* Nei ikkje no.

Informasjon til tilsette:

Korleis har arbeidsgruppa sikra at andre tilsette får informasjon om arbeidet og moglegheit til å kome med innspel?

Omstillingsavtalen og mandatet for omstillingsutvalet, som har vore prioritert arbeidsoppgåve i vår, er sendt ut til alle organisasjonane sine tillitsvalgte, alle leiarar og vernetenesta med oppmoding om å ta denne opp på personalmøter og i dei fora det er naturleg.

Når avtalen vart sendt ut vart alle oppmoda om å ta kontakt om det var noko dei ynskta med skulle ta opp eller diskutera.

Soleig Reinsli har og vore med på nokre personalmøter i Granvin og informert og i ei av dei andre hovedgruppene.



Voss herad 2020

Mette Matthiessen informerar i sine stabsmøter og andre møter der ho deltek.

Me oppmodar alltid til at folk kan ta direkte kontakt med oss

Når avtalen vart sendt ut vart alle oppmda om å ta kontakt enten på epost eller telefon om det var noko dei ynskte med skulle ta opp eller diskutera.

Dokumenta vil verta lagt ut på intranettet etter kvart som dei er klare.

Oversikt over område som må vurderast/ inkluderast i andre arbeidsgrupper:

- Ikkje akkurat no, men det er viktig med møta som vert halde blant alle gruppeleiarane. Då får me fanga opp andre sine problemstillingar og at me ikkje arbeider med dei same tinga. For personal-gruppa er det viktig at me får innom oss alt som omhandlar personalet.

Gevinstrealisering

Er det område ein kan henta ut gevinstar på allereie no. Kva er eventuelt føresetnadane for å realisera dei?

Me vonar at omstillingsutvalet etter kvart vil kunne vera med på å hindre nokre overtallinge fram mot 2020.

Arbeidsgruppa sine eigne punkt

- **Det er frå no og fram til etter ferien noko stillstans, dette for å få i hamn lønsforhandlingane i kap. 3 og 5**

Vedlegg:

Omstillingsavtalen og mandat for omstillingsutvalet.

Referat frå møtene som har vore i arbeidsgruppa.